

# Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i landbruket 2021-2023 i Sykkylven kommune

## 1.0 Innleiing

Føremålet med SMIL-ordninga er å ivareta natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, samt å redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Tilskott kan bli gitt til ulike typar prosjekt/tiltak; planlegging- og tilretteleggingsprosjekt, tiltak som fremmar biologisk mangfald, kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak.

Mange plasser i landet gror landskapet att, ofte fordi bruk vert lagt ned. Vi vil bruke SMIL-ordninga her i Sykkylven kommune som eit stimulerande tiltak for å fremme verdien av kulturlandskapskjøtsel i jordbruksdrifta.

Jordbruks- og kulturlandskapet inneheld per i dag 38% av dei raudlista artane i Noreg. Dei biologiske verdiane i desse områda er avhengig av bruk i drift for å hindre trugsmål som attgroing av landskapet, kor ofte ugrasplantar overtek, framfor urter og eit rikt artsmangfald av plantar, insekt, dyr og fuglar. Kantsonar i landbruket og eit skjøtsla kulturlandskap representerar to av dei meir artsrike biotopane i landet.

Vi ynskjer å bruke SMIL-ordninga til å auke medvitet om kva landbruket står for i bygda, samt legge til rette for eit levande jordbruks- og kulturlandskap gjennom tildeling av midlar som er med på å styrke den lange kulturhistoria landbruket har i Sykkylven kommune.

Tiltaksstrategien baserer seg på «Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket» (sist endra 17-2-2015) Rundskriv 2015/17 frå landbruksdirektoratet gjev utfyllande kommentarar til forskrifta. Ein viktig intensjon i utforminga av den nye forskrifta har vært å gi auka lokalt handlingsrom slik at tiltak kan settast inn der miljøeffekten er størst. Prioriteringa av søknader i Sykkylven vil vere tufta på dei elementa denne forskrifta trekker fram som dei viktigaste. Det gjeld og eventuelle avslag på søknader.

I rundskriv 2015/17 står det at; «kommunen bør vere varsam med å tildele tilskott til tiltak som legg til rette for parkering eller ferdsel med motorkjøretøy.» I ei tid kor det naturlege miljøet oppleve ei fragmentering som ei følgje av tekniske inngrep er dette noko Sykkylven kommune ikkje vil bidra til å forsterke. I høve skogsbilveggar ligg desse under NMSK-ordninga.

## 2.0 Mål og prioriteringar - tiltak:

### 2.1. Generelt.

Tiltak som inneheld fylgjande moment vert prioritert høgast:

- ✓ Tiltak som styrkjer driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar.
- ✓ Tiltak som er viktige for biologisk mangfald/landbruk/reiseliv.
- ✓ Tiltak som tek vare på viktige kulturlandskap/ -miljø.
- ✓ Fellestiltak.

### 2.2. Tiltak som kan støttast.

Følgjande tiltak kan støttast, jf. §§ 4 og 5 i forskrifta.

### **2.2.1. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (§ 4):**

Prosjekt som fører fram til planar for konkrete planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det gis inntil 40% tilskott.

### **2.2.2. Kulturlandskapstiltak (§ 5):**

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift.

2.2.2.1 Biologisk mangfald: Tiltak for å bevare og fremje biologisk mangfald i kulturlandskapet kan gis inntil 75 % tilskott.

Døme på tiltak for å fremje biologisk mangfald i jordbrukslandskapet:

- Restaurering av gamle natur- og slåtteeenger
- Etablering og opprensning av gardsdammer
- Etablering og skjøtsel av buffersoner for pollinerande insekt. Areal skal tilsåast med pollinatorvenlege arter som gir blomstring og nektarproduksjon gjennom hele pollinatorsesongen.
- Hindre gjengroing av gamle beiteområde med biologiske verdiar.
- Fjerning av svarteliste arter i kulturlandskapet.
- Tilrettelegging av fuglebiotopar
- Utsett slått i område med mistenkt hekking av åkerrikse

2.2.2.2 Gammal kulturmark: Tiltak for å bevare og halde gammal kulturmark i hevd kan gis inntil 50% i tilskott. Naturbeitemarker vert prioritert.

2.2.2.3 Tilgjenge og opplevingskvalitet: Tiltak som legg til rette for ferdsel til fots og oppleving av landbruket sitt kulturlandskap gjennom friluftsliv og rekreasjon, kan gis inntil 50 % tilskott.

2.2.2.4 Kulturminne og kulturmiljø: Tiltak for bevaring og skjøtsel på og omkring kulturminne og kulturmiljø kan gis inntil 50 % tilskott.

2.2.2.5 Freda og verneverdige bygningar: Tiltak for å setje i stand og vedlikehalde freda og verneverdige bygningar i landbruket kan gis inntil 20 % tilskott. Bygningar som evt. kan gis støtte skal ha ein funksjon i eit aktivt landbruk på garden. Tilskott vert gjeve til utvendige påkostnader. Fagmynde på fylkesnivå må kontaktast i saker som angår freda bygningar jf s. 9-10 i rundskriv 2015/17.

2.2.2.6 Andre tiltak: Andre tiltak som er viktige for kulturlandskapet, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor kan gis inntil 50 % tilskott. Eks. Fjerning av piggråd.

2.2.2.7 Tradisjonell gjerding vert ikkje prioritert i neste periode.

### **2.2.3. Forureiningstiltak:**

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift.

- 2.2.3.1 Høytørkeanlegg: Bygging av høytørke på bruk som produserer høy på erosjonsutsett areal samt bygging av høytørke som medverkar til å redusere annan forureining frå bruket, t.d. erstatning for silo. Tiltak kan gis inntil 30 % tilskott.
- 2.2.3.2 Hydrotekniske anlegg: Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg for å hindre erosjon på jordbruksareal og i vassløp og redusere avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal. Terrengutforming for å betre kontrollen på overflatevatnet inngår her. Graving av opne kanalar for å erstatte eksisterande lukka avløp for å redusere erosjon og auke vassløpet si sjølvreinsingsevne. Tiltak kan gis inntil 40 % tilskott.
- 2.2.3.3 Vegetasjonssoner: Etablering av vegetasjonssoner for å fange opp bl.a. jord og næringsstoff langs vassdrag kan gis inntil 40 % tilskott. Vegetasjonssoner som fremmar biologisk mangfald kan gis inntil 80 % under etablering.
- 2.2.3.4 Fangdammar og våtmarker: Etablering av fangdammar og våtmarker for å auke vassløpet si sjølvreinsingsevne kan gis inntil 40 % tilskott.
- 2.2.3.5 Andre tiltak for å redusere forureining: Andre tiltak som er viktige for å redusere forureininga frå landbruket, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor kan gis inntil 40 % tilskott.

### **3. Innvilging av tilskott - samordning:**

Det vert sett søknadsfrist til 15.April.

SMIL-utvalet er samansett av 3 representantar frå næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt og 2 representantar frå administrasjonen. Det er eit mål å nytte SMIL-midlane for jordbruket på best mogleg måte i heile kommunen.

#### **Kriteria for prioritering av midlar:**

Ved tildeling av midlar vil vi legge vekt på følgjande moment:

- Aktive gardbrukarar med dyr vert prioritert.
- Er det eit fellestiltak eller eit einmanns prosjekt?
- Vil tiltaket ha verdi for biologisk mangfald?
- Vil tiltaket ha positiv verknad for landskapet?
- Høyrer tiltaket under daglig drift eller ikkje?
- Ligg det eit næringsaspekt i tiltaket?
- Har tiltaket effekt på konkret forureiningsproblem?
- Vil tiltaket hindre erosjon eller redusere avrenning av næringsstoff?
- Er det høg eller låg verneverdi.
- Gir søknaden eit tilstrekkeleg bilete over kva som skal gjerast? Det må føreligge tilstrekkeleg informasjon over kva som skal gjerast, kor mykje utgifter dette medfører og arbeidsmengda som kjem til å bli nedlagt. Ei tidsramme på prosjektet må og vere inkludert i søknaden.